



Styremøte

Tid og stad:

Søndag 14. april 2013 kl. 17.00 hos Anne Bjørg Bringsvor.

Saksliste:

1. Oppsummering av Sjutoppsturen.
2. Sponsoravtale Sparebanken Møre.
3. Kick Off-arrangement for dei aldersbestemte laga.
4. Arthur-helga.
5. Dugnad Oshaugane Stadion.
6. Klatrestativ ved skulen.
7. Postkasser på trimpostane.
8. Medlemskontingent.
9. Brev frå Friidrettsforbundet.
10. Eventuelt.

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor (ABB)
Nestleiar	Endre Vorren (EV)
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor (EVB)
Kasserar	Svein Helge Bringsvor (SHB)
Leiar trimgruppe	Anders Bringsvor (AB)

Styremedlem Knut Olav Skare var ikkje til stades.

Referat:

Sak 1: Oppsummering av Sjutoppsturen. Gode tilbakemeldingar, spesielt godt merka og skilta løype. Om lag 25.000 kr overskot. Betre til neste år: Delt registrering mosjon/konkurransen, bord med påmeldingsskjema (fyller ut sjølv), nødnummeret på startnummer meir synleg, fleire konkurranseklasser og større startkontingent her, Røde Kors betre utstyrt/førebudde (+ kart). Må i tillegg



kjøpe inn fleire medaljar (med påskrift «Sjutoppsturen»). Løypa ned frå Kulen er allereie lagt om etter ønske frå grunneigar på Gløsa.

Sak 2: Fornya avtale for 2013 og 2014 med Sparebanken Møre er inngått. Auka bidraget frå 8.000 til 10.000 kr per år. Vi vil gjerne ha drakter til 10 års-laget. Skal få klistermerke til trimpostane og flagg til stadion. Må sjølv sørge for å få tak i dette.

Sak 3: Kick Off-arrangement for fotballaga laurdag 20. april kl. 13-16 i Oshaugane. Ein bør varsle leiar av idrettslaget før planlegginga av slike arrangement. Visstnok store planar.

Sak 4: Idrettslaget vil ta del i årets Arthur-helg. Ungdomslaget har tatt initiativ til ei fellesgruppe saman med SIL og Fiskarheimen, 1 representant frå kvart lag. Vi vil heller ha 2 stk. frå kvart lag. Anne Bjørg og Knut Olav frå oss? ABB kontaktar Knut Olav.

Sak 5: Ein del bør gjerast på stadion/ved klubbhuset. Magne Kvernø har sagt seg villig til å male huset. Bestille 2x10 liter maling? Beising av benkar også nødvendig. Kanskje rydde litt rundt bana også? Kalle inn til dugnad i løpet av mai. Kvar enkelt få med to-tre personar kvar.

Sak 6: Idrettslaget har sendt søknad om RDA-midlar til klatrestativ ved skulen på vegner av FAU og Bygdemobiliseringsgruppa. Totalt kjem prosjektet på 270.000 kr, truleg inkl. dugnadsarbeid. Tilskotssum 135.000 kr.

Sak 7: Vi har ein så god økonomi at vi bør investere i postkasser til trimpostane. Bøkene held seg tørre/tørkar i slike kasser. Anders har sjekka dette tidlegare, 17.000 kr for 10 kasser. AB og EVB bestiller 5 eller 10 stk. Eventuelt nye postar på Kletten og "Stilla" (Himmelvegen).

Sak 8: Sende ut tilbod om teikning av medlemskap før sommaren. Nokre har etterspurt dette. Sende med namn til desse, til dei som var medlem i fjor og dei med aktive. SHB og AB ordnar dette.



Sak 9: Mottatt brev frå Friidrettsforbundet. Tilbod om utstyrspakke til friidrett dersom vi arrangerer DNB Idrettsleker. Arrangement over 3-5 dagar for barn 6-12 år. For stort for oss. Heller kontakte idrettskretsen om idrettsmerke. Arrangere friidrettsdag uavhengig av DNB i løpet av året.

Sak 10: Eventuelt. Interesse for å arrangere Grendacup også i år. Slutten av juni. Høyre med Rosenlund om arrangement der (Stedje-helga). Cupen meir under idrettslaget. Finne kontaktpersonar for andre lag. EVB har ansvar for vidare arbeid. Også forslag om å opprette offisiell side for Sandsøy IL på Facebook. Erstatte gruppa der. Kan legge ut info under SIL sitt namn. EVB opprettar sida, set i gong og viser fram på neste styremøte.

Møtet vart heva kl. 19.00.

Referent Eirik Voksøy Bringsvor.